



Daniel Brzostowicz
Grindheimsvegen 125
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6215 - 21/69183

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
19.10.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknad - gbnr 434/28 Grindheim

Tiltak: Nytt tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 434/28
Tiltakshavar: Daniel Brzostowicz
Ansvarleg søkjar: Sh Oppmåling AS

Kommunen stadfestar å gått gjennom byggesøknaden dykkar og vurdert mot tidlegare løyve i sak 18/2349 frå tidlegare Radøy, som vist til pr. telefon.

Vedtak i sak 18/2349 omfattar dispensasjon frå arealføremål LNF og bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad. Det er ikkje kryssa av for tilbygg i denne tidlegare saka. Det er heller ikkje vist til tilbygg på teikningar og situasjonskart.

Manglar i byggesøknad

Viser til mangelbrev datert 20.07.2021. Vi treng fortsatt desse opplysningane med unnatak av pkt. 7 i brevet, som er avklart i tidlegare byggesøknad med saksnummer 18/2349 i Radøy. Dette mangelbrevet er her lagt ved som vedlegg.

Ny mottakskontroll – ytterlegare manglar

Kommunen har ved ny gjennomgang oppdaga fleire manglar ved søknad. Desse manglane supplerer allereie utsendt mangelbrev av 20.07.2021:

1. Det må sendast inn gjennomføringsplan.
Ved innsending av søknadsskjema i tråd med pkt.1 i mangelbrev av 20.07.2021 kan det med fordel nyttast søknadsskjema for tiltak underlagt ansvarsrett.
2. Ser av vedlagt situasjonskart at det er vist til bygningar som skal rivast. Dersom denne søknaden omfattar søknad om riving av bygg, må søknad supplerast med informasjon om dette. Minner om at riving kan vere underlagt ansvarsrett. For at vi skal ta stilling til dette må vi vite storleik på det som skal rivast.

3. Tiltak er i strid med byggegrense mot fylkesveg jf. veglova §29. Søknad må supplerast med dispensasjonssøknad frå avstand til fylkesveg for søkte tiltak. Vi tilrår at de nyttar standard søknadsskjema. Lenkje finn de her:
<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/byggegrense/>

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **19.11.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 434/28 Grindheim

Mottakarar:

Daniel Brzostowicz
Sh Oppmåling AS

Grindheimsvegen 125
Sandnesstykket 20

5936 MANGER
5981 MASFJORDNES